



Romarheim AS
Alvervegen 25
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1268 - 19/37726

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
16.12.2019

Førebels svar på søknad om mellombels bruksløyve - gbnr 195/47 Leiknes

Tiltak: bustad
Byggjestad: Gbnr: 195/47
Tiltakshavar: Trygve Andås
Ansvarleg søkjar: Romarheim AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om mellombels bruksløyve den 02.12.2019.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Ferdigmelding for tilkopling til offentleg vatn og avløp

Rørleggar må senda inn ferdigmelding for godkjend arbeid med tilknytning til offentleg VA-anlegg. Ferdigmelding må liggja føre før mellombels bruksløyve vert gitt.

Innmålingsdata

Det må sendast inn innmålingsdata som viser faktisk plassert bygg

Gjennomføringsplan.

Kommunen skal ikkje ha tilsend samsvars- og kontrollerklæringar. Kryss for planlagt samsvars-/kontrollerklæring skal erstattast med dato når slik ligg føre. Gjennomføringsplanen må oppdaterast.

Kommunen vil handsama søknaden så snart etterspurd tilleggsmåling ligg føre. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan **15.01.2020**, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin



mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Romarheim AS	Alvervegen 25	5911	ALVERSUND
Trygve Andås	Storneset 33	5915	HJELMÅS
Trygve Andås	Storneset 33	5915	HJELMÅS

Mottakarar:

Romarheim AS	Alvervegen 25	5911	ALVERSUND
--------------	---------------	------	-----------